



Arkoconsult As  
Postboks 103  
5291 Valestrandfossen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2829 - 23/79924

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
20.10.2023

## Oppheving av vedtak om dispensasjon og løyve til deling - gbnr 108/525 Lindås

**Administrativt vedtak: Saknr: 1088/23**

### VEDTAK:

**Med heimel i forvaltningslova § 35 c opphevar kommunen sitt eige vedtak av 21.09.23- saknr: 994/23 om dispensasjon frå punkt 2.2.2 i kommunedelplan for Lindås gnr. 137/259. Samt løyve til oppretting av 2 nye grunneigedomar frå gbnr 108/525.**

### Tiltak

Det vert vist til vedtak, datert 21.09.23, klage på vedtak motteken 10.10.23 og retting av klage motteken 16.10.2023.

Saka gjeld søknad om oppretting av 3 nye grunneigedomar for bustadbygging. Gjeld parsell 1, 2 og 3. For parsell 2 er det søkt om dispensasjon frå arealformål. Søkjar ønskte at søknaden gjeldande parsell 1 og 3 vart handsama før dispensasjonssaka for parsell 2 var avgjort.

### Planstatus

Tomtane ligg i område omfatta av reguleringsplan for Lindås prestegard, planid 1263-22032001. Tomtane ligg innanfor område B1 og B2, som er avsett til « Område for bustader med tilhøyrande anlegg».

Reguleringsplanen vert supplert av føresegner i kommunedelplan for Lindås (KDP). Dette gjeld der reguleringsplanen ikkje har eigen føresegner om temaet.

Området ligg innanfor omssynsone H570\_oK07- Kulturmiljø Indre Farlei.

### Historikk i saka

Ved gjennomgang av saka fann kommunen at det ikkje var søkt om dispensasjon frå punkt 2.2.2 i føresegnene til kommunedelplan for Lindås. Punkt 2.2.2 slår fast at innanfor området skal det utarbeidast områdereguleringsplan før eventuell detaljregulering kan vedtakast.

Dette vart påpeikt i e-post 22.09.2023 til tiltakshavar, Helland gruppen. Søknad om dispensasjon vart mottaken 24.09.2023.

Vedtak om dispensasjon og løyve til oppretting av 2 nye grunneigedomar vart sendt ut 26.09.2023. Vedtaket vart også sendt til klagevurdering 26.09.2023.

Kommunen mottok klage på vedtaket frå Mette Kyed Thorson den 10.10.2023.

#### **VURDERING:**

Etter å ha gått gjennom klagen finn kommunen at det ikkje var rett å krevje søknad om dispensasjon frå krav om områderegulering. Omsøkte parsellar ligg innanfor godkjent reguleringsplan. I punkt 2.2.2 står følgjande:

#### **2.2.2. OMRÅDE MED KRAV OM OMRÅDEREGULERING**

Område som ligg innanfor sona som vist under skal inngå i områderegulering før eventuell detaljregulering kan vedtakast:

- H810\_1 Områdeplan Ostereidet
- H810\_2 Områdeplan Lindås

Det skal utarbeidast ein heilskapleg områdereguleringsplan innanfor nærsenteravgrønsinga.

Slik kommunen no tolkar føresegna gjeld ikkje kravet der det er reguleringsplan godkjent før kommunedelplanen vart godkjent. Kravet om områderegulering gjeld derfor ikkje i dette tilfellet. Vedtak saknr. 994/23 datert 21.09.2023 er derfor ugyldig.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/2829

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Helland Gruppen As	Idrettsvegen 3	5936	MANGER
Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER

#### **Mottakarar:**

Arkoconsult As	Postboks 103	5291	Valestrandsfossen
----------------	--------------	------	-------------------